



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon
Senioringeniør Gunnhild Liva Austvoll, 71 25 85 12

Vår dato
27.01.2015
Dykkar dato

Vår ref.
2012/591/GUAU/461.2
Dykkar ref.

Molde vann og avløp KF
Rådhusplassen 1
6413 MOLDE

Revisjonsrapport – 2014.047.I.FMMR

Revisjon hos Molde vann og avløp KF Dato for revisjon: 26 og 28.8.2014

Resultat frå revisjonen

Denne rapporten omhandlar dei merknader som vart funne innan dei reviderte områda overordna planar, drift og risikovurdering (HMS) i verksemda. Desse vart presenter på sluttmøte hos verksemda og i foreløpig rapport.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal fann ingen avvik men har 3 merknader frå revisjonen.

Desse er nærare omtala frå side 4 og utover i rapporten.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har ikkje knytt nokon frist til at verksemda skal vurdere dei merknadane som vi har komme med, men dei vil kunne bli teke opp ved neste tilsyn.

Vi vil til slutt nytte høvet til å takke for ein god mottaking og godt samarbeid under revisjonen. Samt beklage at det har teke lang tid før den endelege revisjonsrapporten føreligg.

Med helsing

Anne Melbø (e.f.)
fagansvarleg

Gunnhild Liva Austvoll

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

vedlegg: Deltakarliste ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon av Molde vann og avløp KF

kopi:
Molde kommune Rådhusplassen 1 6413 Molde

1. Informasjon om verksemda

Organisasjonsnr (undereining): 990695997	Eies av: Molde kommune / Molde vann og avløp KF
Besøksadresse:	Telefon: 71 11 13 10
Bransjenr. (NACE-kode):	E-post:

Kontrollert anlegg

Namn: Molde vann og avløp KF, RA2 Nøisomhed	Anleggsnr.: 1502.0048.01
Kommune: Molde	Anleggsaktivitet: Avlaup
Kontroll nr. : 2014.047.I.FMMR	Risikoklasse: 3
Løyve gitt: 15.2.2013	Løyve sist oppdatert:

2. Revisjonens omfang

Rapporten er utarbeida etter ein revisjon ved Molde vann og avløp KF i perioden 26. til 28.8.2014. Revisjonen var ein del av Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin planlagde revisjonsverksemd for året.

Formålet med revisjonen var å vurdere om det systematiske helse-, miljø- og sikkerhetsarbeidet fungerer tilfredsstillande, og om verksemda har ein tilfredsstillande styring med aktivitetar som er viktige for det ytre miljø. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har blant anna undersøkt om:

- Verksemda sitt system for internkontroll er formålstenleg og presist
- Aktivitetar vert gjennomført slik som verksemda seier (både skriftleg og munnleg)
- Verksemda når sine mål og driv innanfor eigne rammer og rammer som styresmaktene har sett

Revisjonen gjaldt RA2 Nøisomhed med tilhøyrande infrastruktur (ledningar, pumpestasjonar, overlaup, opne og lukka vassvegar mv.), og verksemda sitt internkontrollsystem for å ivareta ei sikker drift av systema.

Revisjonen vart gjennomført ved:

- Gransking av dokument
- Intervju av sentralt plasserte personar i organisasjonen
- Synfaring
- Verifisering (ved stikkprøvekontroll) av at rutinar, prosedyrar og instruksar blir følgt opp i praksis

Hovudtema for kontrollen var:

- Overordna planer:
 - Mål og strategi for avlaupssektoren
 - Handlingsplaner og saneringsplaner
 - Klimatilpassing

- Drift:
 - Overlaup av forureina vatn
 - Leidningsnett
 - Om reinsekrava vert overhalde
 - Driftsstabilitet i avlaupsanlegget
- Risikovurdering:
 - Miljørisikoanalyse og tiltak for å redusere risiko

Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø, vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og setje i verk nødvendige tiltak. Denne rapporten omhandlar avvik som vart funne under revisjonen og gir inga fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.

Definisjonar

Avvik: Overtredelse av krav fastsett i helse-, miljø- og sikkerhetslovgivninga (til dømes krav i forureiningslova, forskrift heimla i forureiningslova, internkontrollforskrifta eller krav og vilkår fastsatt i utsleppsløyve eller dispensasjonar, samt verksemda sine egne rutinar for å oppfylle styresmaktene sine krav)

Merknad: Eit forhold som ikkje blir omfatta av definisjonen på avvik, men som tilsynsetatane meiner det er rett å påpeike då det har eller kan ha noko å seie for å ta vare på det ytre miljø.

3. Oppfølging etter revisjonen

Det vil ikkje bli ein særskilt oppfølging etter revisjonen. Verksemda sin handtering av dei merknadane som vart gitt vil kunne bli teke opp ved seinare tilsyn.

4. Gebyr for revisjonen

Verksemda er ved denne revisjonen plassert i gebyrsats 4, jf. førehandsvarsel i brev datert 25.6.2014. Dette vil seie at verksemda må betale kr. 45 100 - i gebyr for den gjennomførte kontrollen.

Faktura blir sendt frå Miljødirektoratet. Vedtaket om gebyr er gjort med heimel i § 39-8 i forureiningsforskrifta.

Vedtaket kan påklagast til Miljødirektoratet jf. § 28 i forvaltningslova. Klagefristen er 3 veker. Eventuell klage bør vere skriftleg grunngjeven og den skal sendast via fylkesmannen som vil vurdere endring av vedtaket eller sende saka vidare til klageorganet for endeleg vedtak. Ein eventuell klage vil ikkje få oppsetjande verknad, og det gebyret som er fastsett ovafor må betalast inn. Dersom Miljødirektoratet tek klagen til følgje, blir for mykje innbetalt beløp refundert. Faktura med innbetalingsblankett vert sendt ut frå Miljødirektoratet. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

5. Offentlighet i forvaltninga

Denne rapporten vil være tilgjengeleg for offentlegheita via postjournal til Fylkesmannen i Møre og Romsdal (jf. offentlighetslova).

Kopi av rapporten sendast også til:

- Molde kommune

6. Funn

Merknader

Vi har følgjene merknader etter revisjonen:

Merknad 1

Det oppmodast til ein betre samordning mellom dei enkelte einingane i kommunen når det gjeld førebuingar og tiltak for framtidige klimaendringar.

Førebuingane knytt til overvasshandtering gjeld planlegging, fortetting og utvikling av eksisterande og nye område, og gjeld såleis både planmessige- og driftsmessige tilhøve. Med overvassløysingar forstås både opne og lukka vassvegar. Fylkesmannen ber om at Molde kommune og Molde vann og avløp KF saman finn løysningar for å handtere klimaendringar.

Merknad 2

Miljøriskovurdering for ytre miljø etter internkontrollforskrifta manglar. Det kunne ikkje leggjast fram ein miljøriskovurdering for avlaupsanlegget og tilhøyrande infrastruktur. Risikovurderinga skal innehalde akseptkriterier for risiko. Miljøriskovurderinga kan sjåast i samanheng med Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS) og krav i utsleppsløyvet. Fylkesmannen føreset difor at miljøriskovurderingane vert sett i samanheng med ROS-analysane.

Merknad 3

Internkontrollsystemet til verksemda er noko uoversiktleg og uklårt med omsyn til skildring av prosedyrar og avvikshandtering, både mellom dei ulike avdelingane i føretaket og mellom føretaket og kommunen som basisorganisasjon.

7. Andre tilhøve

Årsrapporten for Molde kommune skal innehalde status for punkt omtalt i kapittel 12 i løyve.

8. Gjennomføring

Revisjonen omfatta følgjande aktivitetar:

- Verksemda vart varsla om revisjonen gjennom brev datert 25.6.2014.
- Opningsmøte (26.8.2014): Orientering om revisjonen, sentrale omgrep vart definert og hovudkrava i internkontrollforskrifta vart gjennomgått. Omfang og gjennomføring av revisjonen vart gjennomgått. 5 personar frå verksemda deltok på opningsmøte
- Intervju og synfaring: 5 personar vart intervjua.
- Avsluttande møte (28.8.2014): Avvik og merknader vart gjennomgått. Oppsummering med presentasjon av resultat. 6 personar frå verksemda deltok på sluttmøte.

I vedlegg 1 er det gjeve ein oversikt over deltakarane ved revisjonen.

9. Dokumentunderlag

Dokumentunderlaget for kontrollen var:

- Aktuelle lovar og forskrifter
- Utsleppsløyve frå Fylkesmannen i Møre og Romsdal, datert 15.2.2013.
- Korrespondanse mellom verksemda og Fylkesmannen i Møre og Romsdal
- Verksemda sin eigen dokumentasjon knytt til den daglege drifta og til forhold som har noko å seie for helse/miljø/sikkerhet
- Internkontrollsystem, rettesnora
- Hovudplanavlaup 2013-2025
- Årsrapport 2013

I vedlegg 2 har vi satt opp ei liste over dokumentar som var spesielt viktige som dokumentunderlag for revisjonen.

Vedlegg 1

Deltakarar ved Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon ved Molde vann og avløp KF 26. og 28.8.2014

Namn	Funksjon	Opningsmøte	Intervju	Sluttmøte
Bjarte Koppen	Daglig leder	x	x	x
Kjell Inge Reiten	Leder Drift VA	x	x	x
Thomas Hagen	Drift	x	x	x
Ole Østigård	Prosjektleder	x	x	x
Merethe Sundstrøm	Leder forvaltning	x	x	x
Heidi Røyarhus	ROS-avlaup			x

Fylkesmannen sin revisjonsgruppe:

Gunnhild Liva Austvoll
Karoline Valle
Reidun Sofie Schei
Anne Grete Kleven

Vedlegg 2

Dokumentgrunnlag for Fylkesmannen i Møre og Romsdal sin revisjon ved

Nedanfor har vi satt opp ei liste over dokument som var særleg viktig for gjennomføringa av revisjonen:

- Lov om vern mot forurensninger og om avfall (Forurensningslova) av 13.mars 1981 med forskrifter
- Forskrift om systematisk helse, - miljø – og sikkerhetsarbeid i virksomheter av 6.desember 1996 (Internkontrollforskrifta)
- Utsleppsløyve datert
- Eigenrapportar til FMVA
- Oversyn over organisasjon; ansvarstilhøve, oppgåver og myndigheit
- Miljørisikoanalyse
- Miljøhandlingsplan
- Avviksrapportar
- Miljøkunnskap Internkontrollsystem, rettesnora
- Hovudplanavlaup 2013-2025
- Årsrapport 2013
- Osv..